



Norsk Sau og Geit

Lover for lands-,
fylkes- og lokallag

Vedtekne
16. mars 2017



Innhold

KAP. 1 OVERORDNA MÅL	2
§ 1 Formål.....	2
§ 2 Organisasjonsform.....	2
§ 3 Medlemskap	2
§ 4 Plikter	2
§ 5 Valdgift.....	3
§ 6 Medlemskontingent	3
§ 7 Reaksjonar frå NSG overfor eit medlem	3
KAP. II STYRANDE ORGAN	4
§ 8 Årsmøte	4
§ 9 Ekstraordinært årsmøte.....	5
§ 10 Representantskapet	5
§ 11 Styret.....	6
KAP. III LOKALLAG I NSG	8
§ 12 Lokallag	8
§ 13 Årsmøte i lokallag	8
§ 14 Styret i lokallag.....	9
§ 15 Æresmedlem i lokallag	10
KAP. IV FYLKESLAG I NSG	11
§ 16 Fylkeslag.....	11
§ 17 Årsmøte i fylkeslag.....	11
§ 18 Styret i fylkeslag.....	12
§ 19 Æresmedlem i fylkeslag	13
KAP. V ANDRE FØRESEGNAR	14
§ 20 Sideaktivitetar	14
§ 21 Medlemskap, samarbeid med andre	14
§ 22 Avstemmingar	14
§ 23 Rekneskap og revisjon.....	14
§ 24 Valnemnd	14
§ 25 Samanslåing eller nedlegging av lokallag	15
§ 26 Lovendring	15
§ 27 Oppløysing	15

KAP. I OVERORDNA MÅL

§ 1 Formål

Norsk Sau og Geit (heretter omtala som NSG) er ein open interesseorganisasjon for sauehaldarar, geitehaldarar og haldarar av gjetarhund.

NSG skal arbeide for å fremje eit rasjonelt og lønsamt sau- og geitehald, samt bruk av gjetarhund. Vidare skal det arbeidast for å tryggje beiteretten, stimulere til samarbeid i produksjon og omsetnad, auka bruk av norske småfeprodukt og fremje småfehaldet i samsvar med god dyrevelferd, naturvilkår og marknadstilhøve.

NSG driv ikkje med erverv som formål.

§ 2 Organisasjonsform

Medlemene i NSG vert organisert i lokale lag av NSG. Dei lokale laga i eit fylke skal slutte seg saman til eit fylkeslag.

Fylkeslag og lokale lag er arbeidsorgan for NSG og skal arbeide i samsvar med NSG sine lover og vedtak.

Alle ledd av organisasjonen har organisasjonsform foreining, og skal vere registrert som eigen juridisk eining i Brønnøysundregistrene.

All aktivitet i regi av NSG skal organiserast av NSGs lokal- eller fylkeslag, NSG sentralt eller den/dei som lagsapparatet til NSG gjev i oppdrag å gjennomføre arrangement.

§ 3 Medlemskap

Alle medlemskap i NSG er direkte og personleg. Enkelpersonar kan stå som direkte medlemmer i NSG.

Alle som har dyr (sau og/eller geit) skal vere hovudmedlem. Hovudmedlemskap inkluderer medlemsblad.

Medlemskap er delt i 3 kategoriar:

- Hovudmedlem med over 50 dyr (sauer og/eller geiter)
- Hovudmedlem med 0-50 dyr (sauer og/eller geiter)
- Husstands-/støttemedlem

Deltaking i aktivitet i regi av NSG krev medlemskap, dersom styret i NSG ikkje har bestemt anna.

Styret i NSG utformer særskilde reglar for medlemskap for andre organisasjonsformer enn enkelpersonføretak.

§ 4 Plikter

Gjennom medlemskap i NSG må alle følgje vedtak som organisasjonen gjer i samsvar med lovene. Medlemmer skal ta imot val og oppgåver gjort i landsmøtet, og årsmøtet i fylkes- og lokallag og arbeide for formålet i §1. Det

kan nektast attval for like lang periode som ein har fungert i tilsvarande eller andre verv.

§ 5 Valdgift

I tilfelle tvist mellom NSG og medlem/medlemer om forståing av desse lovene eller vedtak i organisasjonen, kan tvisten løysast ved valdgift.

Valdgiftsretten skal oppnemnas av partane i lag eller av tingretten.

Krav om valdgift må reisast innan 3 månader etter ein er gjort kjend med vedtak.

§ 6 Medlemskontingent

Årsmøtet fastset kontingent for komande år.

Årsmøtet gjer og vedtak om fordeling av kontingent mellom sentralledet, fylkes- og lokallaga.

Styret gir nærare reglar for innkrevjing av kontingent.

Fylke som vedtek innkrevjing av tilskot frå medlemmene til eige fylkeslag kan gjere det, men ikkje kalle det for kontingent.

§ 7 Reaksjonar frå NSG overfor eit medlem

Medlem som bryt lovene til organisasjonen, handlar illojalt eller på anna vis sviktar eller opptrer i strid med formålet for NSG, lover eller vedtak, kan av styret i NSG utelukkast som medlem. Styret kan i mindre graverande tilfelle vedta andre reaksjonar. Medlemeren kan anke styret si avgjerd inn for årsmøtet. Ankefrist er 3 månader etter at medlemmen er gjort kjend med vedtaket. Den som har anka ei sak inn for årsmøtet har krav på å få gjere greie for saka si i årsmøtet før dette treffer si avgjerd.

KAP. II STYRANDE ORGAN

§ 8 Årsmøte

Årsmøtet er øvste styrande organ i NSG og skal ordinært avviklast kvart år innan 15. mars (årsmøte i fylkeslag skal avviklast kvart år innan 1. mars).

Årsmøtet vert innkalla og leia av ordføraren i representantskapet. Ordinært årsmøte skal kunngjerast med 3 månader varsel i medlemsbladet og skriftleg til medlemene i representantskap, valnemnd og kontrollnemnd.

Ordføraren i representantskapet skal minst 6 veker før ordinært årsmøte sende innkalling og saksliste til representantskapet og til dei som har rett til å sende utsendingar til møtet.

Rett til å reise saker for årsmøtet har styret i NSG, representantskapet og fylkeslaga. Saker frå lokallaga må ha tilråding gjennom fylkeslag.

Saker som skal handsamast av årsmøtet må vere kome styret i hende innan 8 veker før årsmøtet.

Sakspapira må vere utsendingane i hende 2 veker før årsmøtet.

Fylkeslaga skal velje ein utsending for kvar påbyrja 300 medlemmer per 31. desember året før.

Kvart fylkeslag skal likevel ha minst 2 utsendingar. Det skal veljast varamedlemer i nummerrekkefølge for utsendingane.

Årsmøtet er samansett av:

- Styret.
- Representantskapet og andre valde utsendingar frå fylkeslag.

Det er ikkje høve til å møte med fullmakt til årsmøtet i NSG.

Tilsette i NSG kan møte med talerett.

Medlemer kan møte dersom det er ope møte.

Leiar i faste utval skal kallast inn til årsmøte og kan møte med talerett.

Samarbeidspartar som NSG har kan inviterast til årsmøta med observatørstatus med tale- og forslagsrett, utan stemmerett.

Om årsmøtet:

a) Det skal først protokoll frå årsmøtet som skal sendast møtedeltakarane.

b) Årsmøtet avgjer om møtet, eller deler av møtet, skal vere ope eller lukka.

c) Avstemming.

Årsmøtet treffer sine avgjerder ved fleirtalsvedtak. Ved likt stemmetal har ordføraren dobbeltstemme. Dette gjeld ikkje ved val.

Om ingen av kandidatane ved val får meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene, skal det haldast omval. Oppnår ingen av kandidatane meir enn halvparten av stemmene ved andre valomgang, skal det haldast omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer i andre valomgang.

Vert stemmetalet likt i tredje valomgang, skal valet avgjerast ved loddrekking.

Val av styremedlemer og ordførar skal vere skriftleg. Andre val skal vere

skriftleg om nokon krev det. Alle val på årsmøtet gjeld – om ikkje anna er fastsett – frå årsmøtet sluttar.

d) Reise- og opphaldsutgifter vert betalt av NSG etter nærare retningslinjer.

Årsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling, saksliste og forretningsorden.
2. Velje to utsendingar til å skrive under protokollen saman med ordføraren.
3. Handsame årsmelding. Styret har ikkje stemmerett i denne saka.
4. Handsame rekneskap og revisormelding. Styret har ikkje stemmerett i denne saka.
5. Handsame innkomne saker.
6. Handsame strategiplan.
7. Fastsetje kontingent og budsjett.
8. Velje leiar i styret.
9. Velje tre styremedlemer for 2 år.
10. Velje nestleiar mellom styremedlemene.
11. Velje tre varamedlemer til styret i nummerrekkefølge.
12. Velje tre geithaldarar til representantskapet, eit fylke kan berre ha ein om gongen, med tre varamedlemer i nummerrekkefølge.
13. Velje ein gjetarhundrepresentant med varamedlem til representantskapet
14. Velje ordførar med varaordførar i representantskapet.
15. Velje fem medlemer til valnemnd med leiar og nestleiar, med fem personlege varamedlemer.
16. Velje revisor.

§ 9 Ekstraordinært årsmøte

Ordførar skal med minst 14 dagars frist kalle inn til ekstraordinært årsmøte dersom ¼ av fylkeslaga krev det. På ekstraordinært årsmøte kan berre dei sakene som er oppført på saklista i innkallinga drøftast.

§ 10 Representantskapet

Desse utgjer NSG sitt representantskap:

- Ordførar og varaordførar.
- Leiarane i fylkeslaga.
- 3 geithaldarar
- 1 gjetarhundrepresentant

Leiar i faste utval skal kallast inn til representantskapsmøte og kan møte med talerett.

Samarbeidspartar som NSG har kan inviterast til representantskapsmøta med observatørstatus med tale- og forslagsrett, utan stemmerett.

Representantskapet er eit overordna organ for styret og eit rådgjevande organ for årsmøtet, og skal føre tilsyn med at organisasjonen fungerer i samsvar med lovene og årsmøtevedtak. Styret har møteplikt og talerett i representantskapet, men ikkje stemmerett.

Representantskapet skal mellom medlemene sine velje to medlemer og eit varamedlem til kontrollutval, og fastsetje instruks for utvalet.

Representantskapet har sjølv, eller ved kontrollutvalet, høve til å gå gjennom møtebøker, korrespondanse og rekneskapen. Vidare skal representantskapet sjølv, eller ved kontrollutvalet, gå gjennom revisjonsprotokollen, og kontrollere laget sin eigedom og at denne er halden i forsvarleg stand.

Etter innstilling frå styret tek representantskapet avgjerd om kjøp og sal av fast eigedom. Representantskapet kan ta avgjerd i saker som styret legg fram for det, og som ikkje er årsmøtesaker.

Representantskapet kan også gje innstilling til årsmøtet i saker som styret ynskjer å legge fram for årsmøtet til avgjerd.

Representantskapet skal fastsetje reiseregulativ og godtgjersle til styret, ordførar og andre tillitsvalde etter framlegg frå kontrollutvalet.

Representantskapet skal ha minst eitt møte i året, og elles så ofte ordføraren finn det naudsynt, eller når styret eller $\frac{1}{4}$ av representantskapsmedlemene krev det for å handsame ei særskild sak. Innkallinga skal vere skriftleg, og skal vere utsend minst 14 dagar før møtet. Sakliste skal følgje med innkallinga.

Representantskapet er vedtaksført når minst $\frac{2}{3}$ av medlemene møter. Sakene vert avgjorde ved fleirtalsvedtak. Det skal førast protokoll frå representantskapet.

Det skal ved møtestart veljast 2 personar frå representantskapet som saman med ordføraren skal skrive under protokollen som skal sendast møtedeltakarane.

§ 11 Styret

NSG skal leiast av eit styre på 7 personar. Styret er ansvarleg overfor representantskapet og årsmøtet i si verksemd og forvaltning av NSG sin kapital. Det skal vere minst ein geithaldar i styret.

Ordføraren i representantskapet har møterett og talerett i styremøte, men har ikkje stemmerett.

Ordføraren i representantskapet får saksdokument, styreprotokollar og annan naudsynt informasjon. Styret er vedtaksført når 4 av 7 møter. Leiaren har dobbeltstemme ved likt stemmetal.

Styret kjem saman når leiaren krev det, eller minst halvparten av styremedlemene krev det.

Styret skal:

- a) Leie arbeidet i organisasjonen i samsvar med NSG sine lover og vedtak gjort i medhald av desse.
- b) Følgje opp saker som er vedtekne i representantskapet og på årsmøtet.
- c) Ta opp eigne saker for å fremje formålet i § 1.

- d) Handsame saker fremja av fylkeslag.
- e) Forvalte NSG sin kapital.
- f) Forberede dei saker som skal leggjast fram for representantskapsmøtet og årsmøtet, mellom anna revidert rekneskap og årsmelding.
- g) Tilsetje og avsetje generalsekretær.
- h) Oppnemne dei råd og utval som styret meiner er naudsynte. Det skal gjevast instruksar og rammer for arbeidet i råda/utvala og eventuelle budsjett.
- i) NSG forpliktar ved underskrift av leiar og generalsekretær saman, eller den styret gjev fullmakt.
- j) Leiar, nestleiar og eit styremedlem utgjer arbeidsutval (AU).
Generalsekretæren er sekretær for AU.
- k) Styret i NSG kan utnemne æresmedlemer etter forslag frå fylkeslag.
Æresmedlemer i NSG sentralt skal ikkje betale medlemskontingent.

Det skal førast protokoll over styret, arbeidsutvalet, råd og utval si sakshandsaming. Kopi skal sendast fylkeslaga.

KAP. III LOKALLAG I NSG

§ 12 Lokallag

Medlemer i NSG skal organiserast i lokallag.

Eit lokallag må ha avhalda årsmøte og minst eit styremøte i året.

Lokallag som ikkje vert drive etter lagslovane settast under administrasjon av fylkeslaget for å vurdere grunnlaget for vidare drift.

§ 13 Årsmøte i lokallag

Det øvste styrande organ i lokallaget er årsmøtet.

Ordinært årsmøte skal haldast innan 1. februar kvart år.

Årsmøtet skal innkallast av styret eller når minst 1/3 av medlemene krev det.

Årsmøte skal kunngjerast med minst 14 dagars varsel til medlemene. Sakliste skal gjerast kjend for medlemene.

Lokallag som ikkje har hatt årsmøte har ikkje stemmerett på årsmøtet i fylkeslaget og laget sin del av medlemskontingenten vert halde att av NSG.

Det er ikkje høve til å møte med fullmakt til årsmøtet i lokallaget.

Årsmøte skal:

1. Velje møteleiar.
2. Godkjenne innkalling og saksliste.
3. Velje 2 årsmøtedeltakarar, som saman med møteleiaren skal skrive under møteprotokollen.
4. Handsame styret si melding.
5. Handsame rekneskap og revisor si melding. Styret har ikkje stemmerett i sak 4 og 5.
6. Handsame strategi-/arbeidsplan for neste år.
7. Handsame andre saker som styret legg fram. Eit medlem har rett til å få ei sak handsama i årsmøtet når saka er kome til styret seinast 8 dagar før årsmøtet.
8. Velje leiar og minst 2-4 styremedlemer. Leiaren vert vald for eit år og styremedlemene for to år om gongen. Velje 3 varamedlemer i nummerorden for eitt år om gongen. Fastsetje eventuelle honorar og dekking av reise-/telefon utgifter.
9. Velje utsendingar m/vara til årsmøtet i fylkeslaget om laget har rett til nokon i tillegg til leiaren som er sjølvskriven. Eit lokallag kan ikkje møte med fullmakt frå andre lokallag på årsmøte i fylkeslaget.
10. Velje 2 revisorar.
11. Velje valnemnd.

Om årsmøtet:

- a) Avstemming
Alle medlemmer av laget har stemmerett på årsmøtet.
Årsmøtet tek sine avgjerder ved fleirtalsvedtak. Ved likt stemmetal har leiaren dobbelstemme. Dette gjeld ikkje ved val. Val skal vere skriftleg dersom nokon krev det.
Om ingen av kandidatane ved val får meir enn halvparten av stemmene, skal det haldast omval. Oppnår ingen av kandidatane meir enn halvparten av stemmene ved andre valomgang, skal det haldast omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer i andre valomgang. Vert stemmetalet likt i tredje valomgang vert valet avgjort ved loddtrekking.
Alle val på årsmøtet gjeld, om ikkje noko anna er fastsett, frå årsmøtet sluttar.
- b) Ekstraordinært årsmøte vert innkalla når styret eller $\frac{1}{4}$ av medlemane i laget, eller styret i fylkeslaget, krev det.
- c) Det skal først protokoll frå årsmøtet. Protokoll frå årsmøtet skal sendast til fylkeslaget innan 15. februar.

§ 14 Styret i lokallag

Arbeidet i lokallag vert leia av eit styre. Styret er ansvarleg overfor årsmøtet i lokallaget.

Styret er samansett av leiaren og styremedlemene valde av årsmøtet. Styret er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemene er til stades.

Styret skal mellom anna:

- a) Velje nestleiar og kasserar.
- b) Leia laget i samsvar med NSG sine lover og vedtak gjort i medhald av desse.
- c) Ta opp saker som fremjar NSG sine føremål, og saker som er av interesse for medlemene.
- d) Planleggje og setje i verk dei sakene som fylkeslaget og NSG sentralt gjer framlegg om.
- e) Ta opp nye saker og setje i gang nye tiltak som kan vere til hjelp for sau- og geitehaldet.
- f) Arbeide for utnytting av utmarksbeite og organisert tilsyn og sanking.
- g) Arbeide for å gjennomføre avlsplanane for småfe etter retningsliner gjeve av avlsråd for sau og fagråd for geit godkjend av landsstyret.
- h) Styret bør ha møte minst 4 gonger i året.
- i) Det skal først protokoll frå styremøte.
- j) Årsmelding og rekneskap skal sendast fylkeslaget innan 15. februar.

§ 15 Æresmedlem i lokallag

Æresmedlem i lokallag vert utnemnd av styret i lokallaget. Framlegget må vere godkjend på førehand av styret i fylkeslaget.

Æresmedlem i lokallag skal ikkje betale kontingent, den skal dekkast av lokallaget. Det skal betalast redusert kontingent for æresmedlem.

KAP. IV FYLKESLAG I NSG

§ 16 Fylkeslag

Lokallaga av NSG skal slutte seg saman til fylkeslag.

§ 17 Årsmøte i fylkeslag

Det øvste styrande organ i fylkeslaget er årsmøtet.

Årsmøtet skal ordinært haldast innan 1. mars og før årsmøtet i NSG. Årsmøtet må gjerast kjend for NSG sentralt og lokallaga 6 veker før det vert halde.

Innkalling til årsmøtet med sakliste skal sendast NSG sentralt og årsmøteutsendingane seinast 14 dagar før møtet vert halde. Årsmøtet vert kalla inn av styret og vert leia av ein vald møteleiar.

Årsmøtet er samansett av:

- Leiarane i dei lokale laga. I tillegg vel lokallag med over 25 medlemmer 1 utsending per 25 medlemmer per 31. desember føregåande året, om ikkje anna er vedteke i årsmøte i fylkeslaget.
- Styremedlemene i fylkeslaget.
- Møteleiar.

Det er ikkje høve til å møte med fullmakt til årsmøtet i fylkeslaget.

Leiar i faste utval skal kallast inn til årsmøte og kan møte med talerett.

Elles har kvart medlem i NSG rett til å følgje årsmøtet om ikkje årsmøtet har vedteke at handsaming av enkelte saker skal skje i lukka møte.

Årsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden.
2. Velje 2 representantar til, saman med møteleiaren, å underskrive protokollen.
3. Handsame årsmelding.
4. Handsame rekneskap og revisormelding. Styremedlemer har ikkje stemmerett i sak 3 og 4.
5. Handsame strategi-/arbeidsplan for neste år.
6. Handsame saker som vert lagd fram.
Lokallag som vil ha ei sak fremja for årsmøtet, må sende saka inn til styret i fylkeslaget seinast 1 månad før årsmøtet.
7. Handsame og vedta budsjett for neste år.
8. Velje leiar for 1 år om gongen. Vidare velje 4 styremedlemer for 2 år om gongen og 3 varamedlemer i nummerorden for 1 år. Årsmøtet vel nestleiar med 1 års funksjonstid mellom dei valde styremedlemene. Fastsetje eventuelle honorar og dekking av reise-/telefon utgifter.
9. Velje utsendingar med vara utsendingar til NSG sitt årsmøte.
10. Velje møteleiar for neste årsmøte.

11. Velje valnemnd med vara for neste årsmøte.

12. Velje 2 revisorar

Om årsmøtet:

a) Avstemming

Årsmøtet tar sine avgjerder med fleirtalsvedtak. Ved likt stemmetal har møteleiaren dobbelstemme. Dette gjeld ikkje ved val.

Om ikkje nokon av kandidatane ved val får meir enn halvparten av stemmene, skal det haldast omval. Oppnår ingen av kandidatane meir enn halvparten av stemmene ved andre valomgang, skal det haldast omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer i andre valomgang. Vert stemmetalet likt i tredje valomgang vert valet avgjort ved loddtrekking. Val på leiar og styremedlemer skal være skriftleg. Andre val skal vere skriftleg om nokon krev det. Alle val på årsmøtet gjeld frå årsmøtet sluttar.

b) Det skal førast protokoll over årsmøtet sine saker. Utskrift av protokollen skal sendast til NSG sentralt, årsmøtet sine deltakarar og lokallaga.

c) Ekstraordinært årsmøte vert innkalla når styret i fylkeslaget eller 1/4 av lokallaga eller styret i NSG krev det. Innkallinga skal skje med minst 14 dagar skriftleg varsel.

§ 18 Styret i fylkeslag

Arbeidet i fylkeslag vert leia av eit styre som er ansvarleg overfor årsmøtet i fylkeslaget.

I styret sit 5 medlemer; leiar, nestleiar og 3 styremedlemer. Årsmøtet vel leiar for 1 år om gongen, og 4 styremedlemer for 2 år om gongen. Av dei valde styremedlemene vel årsmøtet nestleiar med 1 års funksjonstid. Første gong går 2 av styremedlemene ut ved loddtrekking.

Styret kjem saman når leiaren krev det, eller etter krav frå minst halvparten av styremedlemene.

Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmer møter.

Styret skal mellom anna:

a) Leia fylkeslaget i samsvar med NSG sine lover og vedtak gjort i medhald av desse.

b) Ta opp saker som fremjar NSG sitt formål, og dei saker som kjem frå NSG sentralt.

c) Rettleie lokallaga og handsame innkomne saker frå lokallaga.

d) Forvalte fylkeslaget sine økonomiske midlar og andre eventuelle verdier.

e) Velje arbeidsutval mellom styremedlemene om det er føremålsteneleg, for å ta avgjerd i mindre viktige saker.

f) Oppnemne dei råd og utval det har behov for. Fylkesstyret vel leiar. Desse råd og utval er underordna styret med instruks/mandat og eventuelt budsjett.

g) Det skal førast protokoll frå styremøte som skal leggas på heimesida eller sendast lokallaga, leiar i valnemnda og NSG sentralt.

§ 19 Æresmedlem i fylkeslag

Æresmedlem i fylkeslag vert utnemnd av styret i fylkeslaget. Framlegget må på førehand vere godkjend av styret i NSG sentralt.

Æresmedlem i fylkeslag skal ikkje betale kontingent, den skal dekkast av fylkeslaget. Det skal betalast redusert kontingent for æresmedlem.

KAP. V ANDRE FØRESEGNER

§ 20 Sideaktivitetar

NSG kan eige og drive sideaktivitetar i samsvar med formålsparagrafen til laget.

Slike selskap eller sideaktivitetar skal ha eigne statuttar for organisering og styring. Representantskapet skal orienterast om årsmelding og rekneskap kvart år.

§ 21 Medlemskap, samarbeid med andre

NSG kan vere medlem av andre organisasjonar eller vere knytt til slike når det tener laget sine interesser. Representantskapet godkjenner/gjer vedtak om slike avtalar.

§ 22 Avstemmingar

Etter desse lovene er fleirtalsvedtak å sjå som meir enn halvparten av avgjevne og godkjende stemmer. Blanke stemmer tel som avgjevne stemmer.

Styret i NSG kan gjere vedtak om skriftleg uravstemming mellom medlemene. Om denne skal vere rådgjevande eller bindande må avgjerast på førehand. Styret får fullmakt til å gjennomføre slik avstemming, eventuelt etter nærare reglar.

§ 23 Rekneskap og revisjon

NSG sin rekneskap skal følgje kalenderåret. Dette gjeld sentralt, fylke og lokalt.

Årsoverskudd disponerast i samsvar med NSG sitt føremål. Beslutning om disponering av årsoverskuddet treffast av styret. Årsoverskuddet kan ikkje delast ut til medlemmane.

Rekneskapen for NSG sentralt skal reviderast av ein vald revisor.

§ 24 Valnemnd

Årsmøtet vel ei valnemnd på 5 medlemmer med personlege varamedlemer for 2 år. Etter 1 år vert 2 medlemmer skifta ut etter loddtrekking. Årsmøtet vel to av medlemene i valnemnda til leiar og nestleiar. Samansetjinga skal ta omsyn til geografisk fordeling; nord, midt, vest, sør og aust.

Valnemnda skal framfor kvart gjere framlegg til alle val (bortsett frå valnemnd). Valnemnda sitt framlegg skal vere ferdig seinast 4 veker før årsmøtet. Leiar eller nestleiar i valnemnda skal leggja fram innstillinga frå valnemnda for årsmøtet.

§ 25 Samanslåing eller nedlegging av lokallag

Samanslåing eller nedlegging av lokale lag med overføring av medlemmer til eit anna lag, kan skje etter årsmøtevedtak med 3/4 av dei avgjevne stemmene, eventuelt etter fleirtalsvedtak på to etterfølgjande årsmøte. Samanslåing eller nedlegging må godkjennast av styret i fylkeslaget.

Laget sin kapital tilførast det laget som ein slår seg saman med. Ved nedlegging, overførast kapitalen til fylket for bruk i /til lokallaga.

§ 26 Lovendring

Endring i NSG sine lover kan berre gjerast i ordinært eller ekstraordinært årsmøte med $\frac{2}{3}$ av dei avgjevne stemmene.

Det skal stå i innkallinga kva endringane går ut på. Framlegg til lovendring må vere innsendt frå fylkeslaget seinast 3 månader før årsmøtet.

§ 27 Oppløysing

Oppløysing av NSG kan berre årsmøte når vedtaket er samrøystes og med samrøystes innstilling frå representantskapet. $\frac{3}{4}$ av utsendingane må vere tilstades.

Oppløysing kan også skje gjennom fleirtalsvedtak på to etterfølgjande årsmøte. Det må gå minst 4 månader mellom årsmøta .

Dersom det ved oppløysing av organisasjonen er verdiar i NSG etter at det har dekt sine forplikingar, skal desse nyttast til å realisere NSG sitt føremål. NSG sine medlemmar har ikkje rett til å få utbetalt utbytte i samband med oppløysinga.